

Mandat for dei faglege nettverka

Organisering og samansetting

1. Yrkesfaglege nettverk

- skulane v/ rektor og relevant opplæringskontor skal som likeverdig part leie nettverket
- kvart nettverk skal ha god fagleg breidde og vere samansett av:
 - lærarar som underviser i faget på vg1 og vg2 frå kvar skule som har utdanningsprogrammet
 - faglege leiarar, instruktørar og prøvenemndsmedlemmer frå dei aktuelle bransjane
- rektor og opplæringskontor står for oppnemninga av leiar og nestleiar for kvart nettverk
- nettverket står fritt til å organisere arbeidsutval, undergrupper e.l. når det vert vurdert som formålstenleg

2. Studiespesialiserande nettverk og fellesfag

- skulane v/ rektor har ansvaret
- kvart nettverk skal ha god fagleg breidde og vere samansett av ein person som underviser i faget frå kvar skule
- rektor står for oppnemninga av leiar og nestleiar for kvart nettverk
- nettverket står fritt til å organisere arbeidsutval, undergrupper e.l. når det vert vurdert som formålstenleg t.d for fellesfaga

Formål

Dei faglege nettverka skal

- utvikle kvaliteten på opplæringa for elevar og lærlingar
- medverke til å få likeverdig opplæring med liklæreplan, uavhengig av skule og lærebedrift, men likevel slik at det lokale handlingsrommet ikkje vert stengt
- styrke samarbeidet mellom skule og arbeids- og næringsliv, mellom skular og mellom skule og lokalsamfunn
- medverke til auka rekrutteringa til lokalt arbeids- og næringsliv
- medverke til å skaffe arbeids- og næringslivet rett kompetanse
- medverke til auka gjennomføring

Ansvarsområde

Dei faglege nettverka skal arbeide med

1. Læreplanarbeid

- å etablere ei felles forståing for kva rammer kompetansemåla i læreplanane gjev for innhald, metodar og lokal tilpassing
- å sikre samanheng i heile opplæringsløpet – frå vg1 til vg3
- å utvikle samarbeidet mellom skule og arbeidsliv i faget Prosjekt til fordjuping,
- å ha særleg fokus på overgangane i opplæringsløpet

2. **Kompetanseheving**

- vurdere behovet for kompetanseheving for lærarar, faglege leiarar, instruktørar og prøvenemndsmedlemmer og komme med innspel til kompetansehevande tiltak
- setje i verk tiltak innafør den økonomiske ramma dei får tildelt

3. **Utstyr og læremiddel (trykte og digitale)**

- vurdere eventuelle behov for utstyr og læremiddel
- sjå særskilt på korleis arbeids- og næringsliv og skule saman kan førebu elevane til læretida
- dei yrkesfaglege nettverka skal halde seg oppdatert på den teknologiske utviklinga

4. **Vurdering**

- gjennomgåande vurderingspraksis
- vurdering for læring
- sluttvurdering – kva skal vera sluttkompetansen

5. **Rettleiing**

- arbeide for å styrke læraren og instruktøren si rolle som rettleiar i forhold til yrke og samfunnsmessige forhold
- arbeide for at elevane vert kjende med næringslivet sitt behov for arbeidskraft
- arbeide for at næringslivet stiller seg til disposisjon som alternativ læringsarena

6. **Informasjons- og erfaringsutveksling**

- ha gode prosessar i forkant og etterkant av nettverksmøta med fagmiljø og eventuelle andre ved eigen skule
- opplæringskontora har ansvar for tilsvarande prosessar i sin bransje
- få fram døme på god praksis i skule og bedrift

Møteverksemd

- nettverksleiaren har ansvaret for at det vert kalla inn til møte og skrive referat
- innkalling, referat og anna informasjons- og erfaringsutveksling skal skje via Fronter eller anna relevant plattform

Ressursar

- tildeling av rammer vil ein komme tilbake til